

SAK 51/13 VERTSKOMMUNE - HUSLEIGE

Saksopplysning

I sak 05-13 vart problemstillingar i samband med husleigekostnader ved interkommunalt samarbeid drøfta med utgangspunkt i notat frå rådmannsutvalet.

Regionrådet sine drøftingar vart samanfatta slik:

1. Det blir sett på som ein fordel å vera vertskommune for interkommunalt samarbeid
2. Vertskommunen skal som prinsipp ikkje fakturere dei andre kommunane for vanlege husleigekostnader.
3. Ved samarbeidstiltak som set spesielle krav til bygningsmasse må fordeling av kostnader vurderast i det einskilde tilfelle.
4. Det må skiljast mellom eksisterande og nye tiltak. Eksisterande samarbeidstiltak har eigne samarbeidsavtalar som eventuelt må reforhandlast, noko som krev likelydande vedtak i samarbeidskommunane. Om det skal arbeidast for å reforhandle eksisterande avtalar vart det ikkje teke endeleg stilling til.
5. Fordeling av husleigekostnader må ikkje bli ein brems for interkommunalt samarbeid
6. Det skal arbeidast for at nytt prinsipp for fordeling av husleigekostandar skal gjelde frå 1.1.2014.
7. Regionrådet/rådmannsutvalet skal drøfte saka nærare på neste regionrådsmøte.

I sak 49/13, under eventuelt var eit punkt avklaringar i forhold til vertskommunen sitt ansvar i forhold til husleige, der det vart bestemt at saka blir teke opp på neste regionrådsmøte, for nærare avklaringar i forhold til pkt. 4 og 6.

Vurdering

Utgangspunktet for vurderingane er at det er ein fordel for vertskommunen å få lokalisert eit interkommunalt samarbeid og vertskommunen skal som prinsipp ikkje fakturere dei andre kommunane for vanlege husleigekostnader. Samstundes må det skillast mellom eksisterande samarbeidstiltak og nye.

I forhold til eksisterande samarbeidstiltak som har eigne samarbeidsavtalar må eventuelle avtalar reforhandlast, noko som krev likelydande vedtak i samarbeidskommunane. Eksisterande samarbeidstiltak har alle eit utgangspunkt og eit fundament også i forhold til fordeling av kostnader. Det vil kunne vera stor forskjell på økonomiske konsekvensar ved ulike samarbeid, som t.d. Regionrådet for Hallingdal og Hallingdal Barnevern. Store endringar av det som var utgangspunktet kan i yttarste konsekvens gjera at samarbeidstiltaket bryt saman.

Etter dagleg leiar sitt syn bør eksisterande avtalar ligge fast, men at ved større endringar i samarbeidet kan det vera naturleg å vurdere vertskommunen sitt ansvar i forhold til m.a. husleige.

Når det gjeld nye samarbeidstiltak skal vertskommunen som utgangspunkt ikkje fakturere dei andre kommunane for vanlege husleigekostnader. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadane skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanstående prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde. Det kan vera tilfelle der samarbeidet krev spesielle areal eller tilrettelegging, eller det ikkje er eit «normalt» samsvar mellom tilsette og det areal som er nødvendig. Eit anna moment som bør vera ein del av vurderinga er om samarbeidet er bygd opp som ei sentralisert eller desentralisert teneste. Ved ei desentralisert teneste er det viktig at

nødvendige areal er dimensjonert på ein måte som er fleksibel, men samstundes ikkje legg beslag på unødvendig mykje areal.

Det er viktig at det ved vurdering av husleigekostnadar blir synt ei viss rausheit slik at dette ikkje blir ein brems for interkommunalt samarbeid. Sannsynlegvis er det lettare å fordele kostnadar enn funksjonar.

Forslag til vedtak

1. Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnadar ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.
2. For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltakande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.
3. Standard husleigekostnadar ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadane skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanstående prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.
Felleskostnadar skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkel.

Ål 15.12.2013

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar